

# Telemark Tidend

Nr. 492 ● Fredag 20. oktober 2023 ● 79. årgang.  
Utgjeve i eit samarbeid mellom TA og Mållaget Dag.



## Hyller både bygda og familien

**FÅR HEIDER:** Helge Solberg (midten) blir hylla på den nye plata frå Jan Birger Akerhaugen (t.v.) og Jon Solberg.



## Dugnad

### Påfyll

#### EILEVERIKSTEIN

Noreg er eit av verdas beste land å bu i, seier jamt FN. Sjølv om me langt frå er best i fotball.

Kåringa er bygd på mange ulike tilhøve; demokrati, likestilling, utdanning og så vidare.

Kanskje òg noko har kikka på korleis me forvaltar våre store rikdom? Kva me gjev vidare?

Av den som har fått mykje, blir mykje kravd, seier Bibelen. Det ordet kan nok brukast om vårt land.

Eg trur den einaste rette måten å bevare sin rikdom, er å dele han. Raust og rett. Til dei som har mindre enn oss.

Til dei som slit. Heime og ute. Verdige og uverdige.

Eitt høve til å dele med seg, kjem under

sundagens TV-aksjon til Redd Barna. Det handlar om å redde born frå krig og katastrofar.

Snur me oss og ser attende i vårt eige lands historie, er det ikkje lenge sidan me sjølv visste eit og anna om reise seg frå fattigdom. Det vel verd og ikkje gløyme.

TV-aksjonen er ein kjempedugnad. Ein dugnad me gjer med glede, og takksemnd fordi me har noko å dele.

Å dele gjer oss ikkje fattige, heller rike.



**NI LIV:** Medlemmene er frå venstre Jan Birger Akerhaugen, Knut Olav Sandvik, Jon Solberg, Eivind Aase og Terje Meisingset.

### MIDT-TELEMARK: 20 år er gått sidan det populære bandet blei starta. I dag kjem «Ni Liv» med svært aktuelle låtar på nytt album.

HALVOR ULVENES

«Songen om i morgo» er tittelen på LP-plata som òg blir tilgjengeleg digitalt. Dette er den tiande plata frå bandet. Musikken er i landskapet folk, country, rock og vise. Sidan starten har gruppa hatt over 500 konsertar.

- Denne plata er ei hylling til familien, som me alle byggjer på, bygda, slitet, kjærleiken og eldsjeler i bygda. Ein av desse er Helge Solberg på Bø Hotell. Derfor tek me ein skål for Helge i songen. Han har eg hatt eit nært forhold til sidan eg som ung musikal hadde konsertar på Vertshuset i Bøgata. «Songen om i morgo» er ein positiv låt i albumet med same namn. Det er faktisk vanskelegare å skrive optimistiske songar enn låtar med negative innslag, seier gitarist, vokalist og skrivar Jon Solberg.

#### Gruppa i dag

Hyllinga til familien skjer også ved at alle musikarane med familiar prydar coveret på plata - totalt ti vaksne og 15 barn. Solberg har med seg gitaristen Jan Birger Akerhaugen i praten med TT. Gruppa er no samansett slik: Jon Solberg: Vokal, gitar, fele. Jan Birger Akerhaugen: Gitar, kor. Knut Olav Sandvik: Bass, kor. Terje Meisingset: Piano, orgel. Eivind Aase: Trommer, kor. Jon skriv tekstan medan han og Jan Birger går saman om låtskrivinga.

#### Krig og flaum

I arbeidet med den nye plata



**COVER:** Musikarane med familie prydar coveret til den nye plata.

starta dei med 25 låtar, men etter ei hard redigering enda dei opp med ti songar - fem på kvar side av LP-en. Både den spente verdssituasjonen og ekstremvær er mellom innslaga.

- I Låten «Ting me veit» prøvar eg etter beste evne å forklare ein tåring kva krig er for noko. Det er langt frå ei lett oppgåve, seier Jon.

Han skreiv tekstar under ekstremværet «Hans» som skapte enorme øydeleggingar i Sør-Noreg i sommar. «Ikkje gå heim» er tittelen på den songen. Han har òg ei hylling til «Skogen» som han bur rett ved og som han i alle år har bruka mykje, mellom anna som orienteringsløpar. I «Viss eg var sju igjen» blir det reflektert over livet som har passert, for å nemne nokre smakebitar frå plata.

- Det er historier å følgje med på, refreng å syngje med på og det sleng ei og anna strofe til ettertanke, seier tekstskrivaren.

#### Fleire konsertar

I dag er den nye plata tilgjengeleg på marknaden, både i butikkar og på nettet.

Seinare i haust blir det fire konsertar. Ikkje uventa er Gullbring Kulturanlegg i Bø fyrste stoppestaden den 10. november.

«Ni Liv» skal etterpå ha kon-

sertar på Notodden, i Oslo og i Ibsenhuset i Skien.

#### Bytta namn

Forløparen til Ni Liv var «Bygdabilly Band» som blei etablert i 2003 av Ken-Børre Langås, Eivind Aase, Terje Meisingset og Jon Solberg. I 2007 skifta gruppa namn til «Ni Liv», etter ein namnekonkurranse blant anna i NRK Telemark.

- «Ni Liv» var framlegget me fall for. Det passa godt sidan mormora mi med fødenamnet Aase Henriette Baalsrud var syskenbarn med Jan Baasrud i filmen «Ni Liv», seier 47-årige Solberg som har musikkutdanning frå NTNU i Trondheim. Han har i dag deltidsjobb i Midt-Telemark kommune som kulturskulelærar og gymmlærar. Musikken er eit anna bein å stå på.

#### Takka nei

Jan Birger Akerhaugen (39) er odelsguten som takka nei til å ta over slektsgården. I staden har han satsa på musikk som eitt bein ved sida av deltidsjobbar i kommunane Midt-Telemark og Nome.

Han starta med trekkspel i 6-7 års alderen, men blei raskt hekta på gitaren. Jan Birger voks opp i eit bedehusmiljø med mykje fin musikk, men sidan blei Stones og Beatles rockeførebileta.

- Jon Jarle Haugen blei inngangsporten til ulike band i Sauherad, seier Jan Birger Akerhaugen som kom med i «Ni Liv» for 13 år sidan.

#### «Songen om i morgo»

«Skål for Berit i butikken med spørsmål og lure smil Skål for Helge på hotellet som aldri tek ein gvil»

**FOTO:** HALVOR ULVENES